



Ogna kyrkje.

Foto: Søren Sviland, Nærhø.

DEN GAMLE KYRKJA

Avgløymd i din eigen heim
som ein framand stod du,
bøtt og vålt med saum og reim
i velviljug godtru.
Arven var alt skifta ut,
all din blyge bunad
vørslaust kasta, klut for klut.
Brud – kvar er di kruna!

Endå som ei mor du var,
som ei falma rose
i eit nedgrodd fotefar
under gammal mose.
Kjærleik som eg hadde gløymt
løynt i låste salar
i mi arvekiste gøymt
under ort og dalar.

Gull mot blom på verdas vekt,
makt mot duevenger!
Som vår gamle, morkna slekt
under grøne enger,
slik du vegen vart: For lett!
av dei som forvalter
Gud og kongens lov og rett
framfor Mammons alter.

Men ein gong når gull og glans
taper verd og venleik,
minnast eg min barndoms dans
og min første kjærleik.
Opnar audmjukt opp di dør
inn til ættartruna.
Møy i skirsla sogeslør,
Brud – ta på di kruna!

Tobias Skretting